DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sveio

MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	17.09.2026 kl.19.00.
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannessen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug Arild Steinsland, Rikard Stokkenes
Fråvær:	Sigrund Breistig, Lars Edvart Larsen, Lars Severin Reiersen
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen som start på møtet.

SR 42/26	**Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden** Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen Følgjande saker blei meldt til eventuelt: -Kva organisasjon skal få offeret på julafta? -Dugnad på arrangement **Vedtak:** Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 51/26.
SR 43/26	**Godkjenning av referat frå møtet 20.08.26** Ny gudstenesteplan blei delt ut. Planen er nå lagt inn i eit datasystem som nokre av oss fekk direkte tilgang til. Den nye planen har ikkje med kva kyrkjevertgrupper som skal vera på dei ulike gudstenestene. Revidert plan vil bli lagt ut. **Vedtak:** Soknerådet godkjenner referatet .
SR 44/26	**Gudstenester sidan sist (orientering)** **Formål:** Ei av soknerådet sine oppgåver er å sjå til gjennomføringa av gudstenesta. 22.og 23.august: Tre konfirmasjonsgudstenester. Veldig fine gudstenester og mange fine tilbakemeldingar om det. På ei av gudstenestene blei det registrert at det var veldig varmt i kyrkja (utfordringa har visstnok samanheng med fuktigheit og varme i rommet) 13.september:Fin gudsteneste
SR 45/26	**Utvalsmøte sidan sist (orientering)** **Formål:** Få ei forståing av kva utvala i soknerådet jobbar med. **Kyrkjeleg fellesråd** hadde møte 2. september: Sak om gravplassar, ein dugnadsgjeng arbeider nå med gravplassen

	ved Sveio kyrkje. Universell utforming: Kartlegging skal bli lagt ut på heimesidene. Sak om økonomi blir det arbeidd vidare med. **Koordinator for kyrkjevertgruppene:** Det skal ikkje vera kyrkjekaffe på hausttakkefest 27.sept, sal av kaffe mm på marknaden til bonden. **Utval for kyrkjeleg undervisning og læring KUL** (trusopplæring) Møte 8.september. Gjennomgang av oppstart av aktivitetar. Det er kapasitet til 30 konfirmantar på London-turen i 2027. Det er venteliste. London-turen blir ekskluderande når ikkje alle konfirmantane får vera med. Forslag frå Trude-Christina om å ta London-turen ut av konfirmantopplegget for 2028 og heller gjere den til ein del av MILK. **Diakoniutvalet h**ar ikkje hatt møte sidan sist.
SR 46/26	**Melding frå referansegruppa om besøkstenesta** *Orienteringssak* Besøkstenesta ville engasjera ein person med helse- og sosialfagleg kompetanse på timebasis og har nå gjort det. Eit mindreforbruk i forhold til budsjett, dekkar inn dette engasjementet..
SR 4726	**Påmelding til prostidag 22. oktober på Tysnes** *Orienteringssak* Prostidagen blir gjennomført i samband med bispevisitasen på Tysnes. Kyrkjeverja melder på deltakarar frå staben og soknerådet samla. Det har vore lite oppslutnad om prostidagen dei siste åra frå vårt sokneråd. (Som følgje av arbeidstid og ferietid.) Slik blir det og i år, men Hildur reiser.
SR 48/26	**Minnelunden ved Sveio kyrkje** *Vedtakssak* Gravplassen ved Sveio kyrkje har ein minnelund, men denne er så langt ikkje teken i bruk. Årsaka kan vera at den kan sjå noko uferdig ut og elles lite tiltalande med store, tunge tre som gjer den mørk. Fleire har teke kontakt og etterspør ein betre og finare minnelund. Nedsetting av urner i ein minnelund krev mykje mindre plass enn kistegraver og såleis vil det vera meir arealeffektivt om fleire vel kremasjon og urnenedsetting. **Sveio SR fatta følgjande vedtak:** Sveio sokneråd ber om at fellesrådet snarast set i gong eit arbeid med å vidareutvikla minnelunden ved Sveio kyrkje.

	Det bør setjast ned ei arbeidsgruppe som utarbeider ein plan for korleis minnelunden skal sjå ut. Gruppa bør vera ferdig med arbeidet innan 1.01.27. Fellesrådet må ta ei vurdering på finansiering og eventuelt søkja midlar til ferdiggjering av minnelunden. Minnelunden bør stå klar til sommaren 2027
SR 49/26	**Basarkomité for basaren i januar** *Vedtakssak* Sissel ønskjer å starte opp med første planleggingsmøte primo/medio oktober. Begge sokneråda må stille med 2 medlemmer kvar til komiteen. Vedtak: Hildur og Leiv går inn i basarkomiteen.
SR 50/26	**Økonomirapport for 1. halvår Sveio sokneråd** *Vedtakssak* Leiar har bestilt økonomirapport for 1. halvår for Sveio sokneråd, for å få oversikt over den økonomiske situasjonen for sokneråd. Rapport var ikkje motteken til møtet og saka måtte utgå.
SR 51/26	**Eventuelt (**Saker som blei meldt i sak SR 42/26): Offer på julafta: Som tradisjonen tilseier, vil Kirkens nødhjelp motta offeret som kjem inn julafta. Offer til konfirmantarbeid blir i veke 20. Det har vore nokre utfordringar med å få nok personar til å stilla på dugnad på dei arrangement som sokneråd har eit ansvar for. Det bør utarbeidast eit årshjul for dugnad på dei ulike arrangementa slik at me kan byta dugnadsdagar eller eventuelt skaffa vikar om me som medlemmer har vanskar med å stilla. I tillegg til medlemmene i SR, må me gå ut å få tak i frivillige som må inngå i det same årshjulet.
SR 52/26	**Møtekritikk:** Ingen merknader

Etter at møtet var avslutta, gjekk medlemmene opp i kyrkja for opplæring i branninstruksar for arrangement i kyrkja. Dagfinn Bjørge og Hilde Ekornsæter stod for informasjon og opplæring.

Neste møte: 15.oktober.

Sveio, 19.09.2026

Solfrid Lier Habbestad
-sekretær-